

## **Referat frå 4. møte i Kunstkomiteen for nye Voss gymnas**

**23.september kl. 11.30 – 14.15 Stad: Voss gymnas**

Til stades: *Fulltallig komite: Petra Rahm (kunstkonsulent, Rakel Marøy (Voss husflidsskule), Per Højgaard Nielsen(arkitekt), Elin Reisæter(HFK egedomsseksjonen), Gunnar Hemre Ringheim(HFK Egedomsseksjonen), Sara Rykke Mandelid (elevrepr. Voss Gymnas), Tone Stedal Haugland(HFK Kultur- og idrettsavd, referent) I tillegg til disse formelle komiteemedlemmane var og Unn Fauskanger(rektor Voss Gymnas)til stades.*

1. Gjennomgang og godkjenning av innkalling og referat – godkjend

### **2. Ang prekvalifiseringa**

Det vart informert om utlysningatekst og –metode.

Det må ordnast diverse praktisk kring prekvalifiseringa og dokumenta knytt til denne då den tidlegare kontaktpersonen for Doffin vert borte ei stund framover. Elin og Tone tek dette vidare.

Utvalet vedtek å utsetje fristen for prekvalifiseringa ei veke – ny frist vert då fredag 9. oktober.

Heile komiteen bør ha tilgang på alle innkome søknader, om ein ønskjer å sjå dei. Men Petra vel ut ei liste av dei ho ser som mest interessante og som då vert dei kanidatane komiteen må vurdere. Denne lista vert sendt ut i forkant av neste komitémøte, då kan også dei som ikkje har høve til å delta i møte gje innspel til diskusjonen.

### **3. Kunstplanen**

Det er sendt ut eit ukast til Kunstplan til komiteen på e-post. Dette var ved ein feil ein bokmålsversjon. Det nynorske utkastet vert sendt ut av Petra umiddelbart etter dette møtet. Det vart jobba ein del med teksten i møtet, og det vart semje om å gjere ein del forandringar, i hovudsak i beskrivinga av skulen, visjonen etc. Unn ser i første omgang på dette og skriv eit forslag som vi kan byggje vidare på.

### **4. Ang kunstsamlinga – frå alle vgs-skulane på Voss.**

Det vert oppretta ei gruppe som ser på den kunsten som allereie finst på skulane – Hilde Skjeggestad(kunstnarleg konsulent Voss VGS), Petra, Rakel og Elin. Ein må også sjå på handverksobjekt som ikkje er teke med i fylkeskommunen si kunstregistrering.

Det må vurderast kva som skal takast inn i kunstbudsjettet og kva som ligg utanfor men som likevel kan sjåast på av denne gruppa / evt kunstkomiteen.

### **5. Ang formidling**

Det må etter kvart tenkast på korleis ein skal formidle kunsten på skulen. Det vert også jobba med korleis ein skal strukturere og presentere Kunst i offentleg rom / skulekunstprosjekt på dei komande nye nettsidene til fylkeskommunen.

Neste år er det 100-årsjubileum for Voss gymnas. Det kan hende vere ein idé å då ha ei forelesningsrekke med kunstnarane.

### **6. Presentasjon av nokon aktuelle kunstnarar**

Petra presenterte følgjande kunstnarar til t.d. den store veggen ute(gymsalen), «gladiatorgangen» og skuletorget:

Silje Heggren  
Johanne Hestvold  
Kiyoshi Yamamoto  
Mona Nordaas  
Marianne Berg  
Karina Nøkleby Presttun  
Gunvor Nervold Antonsen  
Hilde Hauan Johnsen  
Eva Kun

Dette vart lagt fram berre til open diskusjon/innspel, og komiteen ser evt. meir på desse etter ein ser kva som har komen inn etter prekvalifiseringa. Petra sender linker til kunstnarane sine heimesider el.

#### **4. Budsjett**

Komiteen står framleis med same førebels budsjett som vart lagt fram i førre møte – unnateke at det vart teke 100 000 frå budsjettposten utevegg og flytta over til formidlingspost.

#### **5. Framdriftsplan og komande møte**

Det vil diverre vere noko fråfall i komande møte, men det beste møtetidspunktet er **måndag 26.oktober kl. 10.15 – 14.15**. Det vil seie at ein tek eit noko tidlegare tog enn vanleg – kl. 08.43. Møtet vert på Voss gymnas, rektor kjem tilbake med opplysning om kva rom vi skal vere på. Dette møtet vil i all hovudsak bestå i gjennomgang av utvalde kanidatar som har meldt si interesse i prekvalifiseringa.